

«Religion har sin legitimitet bare hvis den bidrar til et bedre liv for alle mennesker».

Av Kristin Lødøen Hope

Det er spennande å stå her i Korskirken å forsvare min tese, som eg med skrekkblanda fryd såg presentert på tårnveggen på Johannes kirken her om kvelden! Kan eg stå for dette? Er dette ei tese som held mål? Ja, det vil kanskje vise seg i dag... og eg må seie at eg reknar med å få litt motbør...

Men for å seie som det står her på sokkane mine i dag: Her står eg og kan ikkje anna! (Hier stehe ich. Kann nicht anderes). Utan samanlikning for øvrig... ;-)

Men først til bakgrunnen for tesen; den kom bare til meg - for å seie det på åndeleg vis - og sjølv om eg elta og elta ville den ikkje endre form... fordi:

Opp gjennom historia og i verda i dag ser vi mange eksempel på at religion blir misbrukt, ikkje minst politisk. Dagsaktuelle eksempel er IS si ekstreme tolking av Islam og Trump som påberopar seg støtte frå kristen konservative tilhengarar for sin framandfiendtlige politikk. Utlegging av religionen sin budskap på ein måte som fører til undertrykking, vold og forskjellsbehandling av menneske, kan vi jo kanskje seie ikkje er religionen sin feil, men tolkinga av religionen blir feil – og det er nettopp det eg siktar til i tesen mi; religion som tankesett, som lære, som teologi/ideologi (eg ser bort frå andre dimensjonar av religion). Dersom denne læra ikkje ivaretar verdiar som menneskeverd, rettferd, likeverd, nestekjærleik, fridom for alle menneske, så har ikkje religion, etter mi meining, sin berettigelse i dagens samfunn.

At vi ikkje når opp, at vi feilar på veg mot å realisere desse verdiane, hindrar ikkje religionens legitimitet – derfor har kristen tru nåden – men læra/religionen som er det vi navigerer etter, må vere av ein slik karakter at den bidrar til eit betre liv for alle menneske.

«Religion har sin legitimitet eller berettigelse, bare hvis den bidrar til et bedre liv for alle mennesker».

Kan vi bytte ut ordet religion med Gud i tesen? Nei, ”Gud er gud om alle mann var døde”... Gud er, (ev ikkje er) uavhengig av kva bilde menneske har av Gud, eller om mennesket trur på Gud eller ikkje. Derfor kan ein ikkje snakke om Guds legitimitet... men læra om Gud, teologien, kan vi diskutere. F eks kan vi seie; Lutherdommen har sin legitimitet bare viss den bidrar til et bedre liv for alle menneske. Dermed vil denne tesen fungere som et kriterium for religionen/læra sin eksistensberettigelse. Islam... jødedom... buddhisme...

Likevel vil bildet vi har av Gud spele ein avgjerande rolle for nettopp korleis vi tolkar religionen... For meg er det slik at dersom Gud skulle vise seg å ikkje vere fullkomen kjærleik, så er alt meningslaust... Kvifor skulle eg bry meg om ein Gud som var tyrann, ein regelryttar full av hemn og straff? For meg er Gud den ultimate kjærleiken, Guds godheit sprenger rammene for våre tankar... Gud vil alle godt.

Og her er det med alle kjem inn... «Religion har sin legitimitet bare hvis den bidrar til et bedre liv for alle mennesker».

Kuttar vi ut alle i tesen, vil vi stå igjen med at religion er legitim bare den gjer meg godt, eller meg og mine nærmaste kanskje. Det er ikkje godt nok... Ein religion som bare kjempar for seg og sine ville falle gjennom med mi tese. Alle menneske er like mykje verdt! I ei krise t.d. hjelper vi alle uansett etnisk, sosial eller religiøs tilhøyre, dersom vi bare bidrar med støtte til våre egne feilar vi med omsyn til tesen. Det vil også ei religiøs overtøying gjere, som får menneske til å la vere å bry seg om å ta vare på skaparverket, fordi "Gud skal jo likevel skape ein ny himmel og ei ny jord". Ei slik haldning ser også bort frå det faktum at klimaendringane allereie per i dag skapar ulevelige forhold for utsette folkegrupper mange stader i verda.

Slik kan eg halde fram med eksempel: Ei religiøs overtøying som hindrar menneske av samme kjønn å leve sammen i kjærlighet, vil også rammast av denne tesen. Eller ei overtøying om at kvinna ikkje skulle kunne ha samme rettar som menn og omvendt. "...eit bedre liv for alle menneske".

"Eit bedre liv" er det sjølvsagt vanskeleg å definere, men det er eit dynamisk omgrep; stadig bedre... I motsetnad til eit godt liv som uttrykker ei definert måløppnåing. Kva som er eit bedre liv kan sjølvsagt diskuteras, men uttrykt som levestandard kjem vi i alle fall eit stykke på veg fram til felles standardar vi kan einast om; tilgang til reint vatn, sunn mat, helse, utdanning, trygghet, fridom, omsorg, kjærleik... "Å bidra til eit bedre liv for alle menneske" vil seie at religionen sin underliggande bodskap stimulerer sine etterfølgjarar til engasjement for at alle menneske skal få oppleve dette.

Avslutningsvis vil eg seie at med denne tesen som eit kriterium, kan eg vanskeleg sjå at human etikarar og andre ikkje-truande vil kunne ha noko imot at menneske sluttar seg til ein religion... Alt som kan vere ein pådrivar til rettferdig fordeling, engasjement for skaparverk og medmenneske, oppvurdering av menneskeverdet, tankefridom, nestekjærleik osv, bør vere positive krefter som vi saman kan heie fram, uavhengig av kva livssyn vi har... mens religiøse krefter som bidrar til undertrykking, forakt for menneskeverd og likeverd, utnytting av andre menneske, øydelegging av skaparverket og livsvilkår, ufridom og tvang osv... er negative for menneskeheita og gir ikkje religion legitimitet i dagens samfunn, etter mi meining og derav mi tese!

«Religion har sin legitimitet, bare hvis den bidrar til et bedre liv for alle mennesker».

Kjør debatt! :-)